

Kvifor har vi elevråd?

- ✓ I følge [lova](#) skal alle skular ha eit elevråd.
- ✓ Tanken med elevrådet er at det skal vera elevane sitt talerøyr på skulen. Det er fleire elevar enn vaksne på skulen og det er då ei sjølvfølgje at det største gruppa på skulen, nemleg elevane skal ha moglegheit til å påverke sin eigen skulekvardag.



Kva gjer elevrådet?

- ✓ Elevrådet skal jobba for fellesinteressene til elevane på skulen og for å skapa eit godt [lærings- og skolemiljø](#).
- ✓ Elevrådet representerer elevane på skulen overfor rektor og andre som bestemmer over skulen.
- ✓ Elevrådet skal jobbe med saker som elevane på Bore skule synes er viktige. Det kan vera å leggja til rett for kjekke aktivitetar i friminutta, delta i arbeidet mot mobbing, spreie glede etc. Tenk for ein moglegheit tillitseleven har til å utgjere ein positiv forskjell for miljøet på skulen.

Tillitseleven sine oppgåver:

- ✓ Som tillitselev er ein eit førebilete for dei andre på skulen og skal visa omsorg, ansvar og respekt.
- ✓ Møta på elevrådsmøter.
- ✓ Ta med saker frå klassen til elevrådet.
- ✓ Informera klassen om elevrådet sitt arbeid.
- ✓ Følgja opp miljøet i klassen og i klasserommet.

Regler for elevrådet:

- ✓ Alle representantane i elevrådet møter forberedt og presis til møta.
- ✓ Ha med blyant og elevrådsperm.
- ✓ Ein snakkar om gangen.
- ✓ Lytta når andre har ordet.
- ✓ Rekke opp handa når du vil seie noko

